



Setesdølen

www.setesdolen.no

Nr. 58 • Torsdag 7. september 2023 • 47. årgang • Laussal kr 32,-

Evje **Hovden**
ELEKTRO og VVS
EVTEK
ELEKTRO OG VVS
379 29 500 | post@ees.no

Historisk sus på Bygland

Det var historisk sus over Bygland sist laurdag då kommunen saman med Kulturhistorisk Museum i Oslo opna vikingutstilling og presenterte lokalt tekstilarbeid gjennom tusen år.

Side 12 og 13



Ingvild Solberg Andreassen frå Kulturhistorisk Museum i Oslo med kopi av vikingøkse som vart funnen under utgravingar på Langeid i 2011 då det unike Langeidsverdet kom til syne.

Ny motor- og mekke- linje på Evje



Både folkehøgskulerektor Stein- ar Bruun (t.h.) og Søren Hod- ne i Sp ser behovet for eit tilbod for elevane og lokal ungdom som fell utanfor.

Evje Folkehøgskole plan- legg ny motorlinje, og Sen- terpartiet ynskjer å starte eit nytt tilbod for ungdom som vil mekke på fritida.

Side 8

Pensjonist- partiet størst på ungdoms- skulen

Side 22



Samling rundt stavkyrkjemodellen som står på museet på Bjugsbakk. Frå venstre: Fylkespolitikar Gro Bråten, Leonhard Jansen, Knut H. Rysstad, Kjell Ove Tveiten, AP sin ordførarkandidat Kim Rysstad, prosjektlei- ar Sandra Birkenes og Hildeborg Homme.

Stavkyrkje- opning 2030!

-Det kan bli snorklypping for den nye stavkyrkja på Rysstad i 2030. Norsk Lur- og Bukkehornforening vil gjerne spele under opninga, seier ein av initiativtakarane, Knut H. Rysstad. Siste side

SØNDAGSBUFFET

på Revsnes Hotell 13.00-18.00
For bordbestilling 37 93 46 50

HJERTELIG VELKOMMEN TIL OSS!

Revsnes hotell

kurs og konferansesenter

post@revsneshotell.no | www.revsneshotell.no

På ti år har

norske småbruk

doblet seg

i pris.

Tilfeldig, sier du?

“Farmen”, sier vi!

altifiber.no byklebreiband.no altibox

BYGDEBLAD FOR SETESDAL

Vikingtid med tekstilhistorie og Lislefarmen fekk ut folk i alle aldrar:

Strålande kulturdag på Bygland

Eit spinnehjul frå vikingtida funne på Langeid i Bygland trekte tråden gjennom tusen år fram til Annemor Sundbø på Ose som har bringt oss nærare norsk tekstilhistorie. I den nyoppdydda Oseløa på museumsområdet på Bygland vart dagens husflidsaktivitetar presenterte. Dermed vart den første laurdagen i september ein strålande folkefest.

Tekst og foto:

Sigurd Haugsgjerd

Den dagen fann folk i alle aldrar noko å fatte interesse for. I det gamle bankbygget opna Bygland kommune i samarbeid med Kulturhistorisk Museum i Oslo ny utstilling, denne gongen med vikingtida som tema.

Kulturhistorisk Museum, som lovar å gje det unike Langeidsverdet ein sentral plasas i det nye Vikingmuseet på Bygdøy, hadde også med seg vikingeffektar frå eigen butikk i hovudstaden.

Museet har brukt 400 timar på å "finpusse" eller rettare sagt avdekke både sverdet, ei øks som også vart



Sigrid Greibrokk baud fram solbærsaft og gele frå eigen produksjon. Ho har satsa på bærdrking. I hagen i Grendi har ho hatt folk like frå kysten til sjølvplukk i sommar.



Leiar i Bygland husflidslag Nina Bygland (t.v.) og Gro Tove Frafjord Sandnes viste epleskrelling som tok vekk både skal og kjernen på søt-epla.



Den gamle Ose-løa på museumsområdet på Bygland var rydda for å gje plass til husflids- og handverksutstilling frå lokale kvinner. Frå venstre: Solveig Landelius, Beate Simonstad, Kate Hanseth og Anne Bygland.

funnen, og våpen, smykke, betalingsutstyr og kvardagslege bruksgjenstandar frå dette funnet i 2011. Utanfor bankbygget fekk dei yngste leite i sandkasse etter gjenstandar som gav hint om tusen år gammal histo-



Liv Stormo Nomeland frå Hylestad hadde eit godt utval av plantefarga garn.



Linda Dale frå Rysstad baud fram bunadssylv og smykke frå eigen produksjon.

rie. Det vart spennande vitskap presentert på ein folkeleg måte.

Tekstilar i Ose-løa

I Oseløa vart det spunne og bydd fram tradisjonsrike husflidsplagg medan Linda Dale frå Rysstad viste plantefarga garn på Lislefarmen som Bygland husflidslag hadde tatt initiativet til i museumsområdet. Der var det yrande liv heile dagen med alt frå potetskrellingskon-

kurransse til brukthandel og kortreistmat i mange slags variantar. Her var solbærsaft frå Sigrid Greibrokk i Grendi og brukskunst frå Bjarne Nordgarden i Åraksbø.

Folk kosa seg i seinsommarsola på den idylliske stemneplassen før mange la vegen tilbake til skulen og kulturscena for å få med seg vitskaplege foredrag frå dei fremste av arkeologiske fagfolk her i landet.



Anne Bygland baud fram ei over hundre år gammal bunadstrøye til 5.000 kroner.



Olaug Haugå administrerte både brukthandel og egne handverksprodukt under Lislefarmen på Bygland sist laurdag, og mykje vakert vevarbeid vart selt unna.

Arkeologar presenterte tekstilarbveid som kvinneaktivitet for 1000 år sidan:

-Setesdalsbunaden har impulsar utanfrå

Sentralt under utstillinga i bankbygget på Bygland sist laurdag stod spinnehjulet som gav kraft til arbeidet med tvinning i garnproduksjonen. I grava der det unike Langeidsverdet vart funne, var det også spinnehjul.

Tekst og foto:
Sigurd Haugsgjerd

-Det viser at kvinnene på Langeid heldt seg med klede også for tusen år sidan, sa Annemor Sundbø under utstillinga. I Oseløa presenterte ho dei lange linjene i tekstilhistoria fram til våre dagar.

Under seminaret på ettermiddagen laurdag fekk to spinnehjul frå den såkalla prinsessegrava på Nese på Bygland mykje omtale. Dei er sannsynlegvis frå eit par hundre år før vikingtida, og liknar tilsvarende funn frå Sosteli i Åseral, frå Evje og frå Stallemo i Øvrebø.

Vakkert tekstilarbeid

Frå utgravingar i gravhaug på Nese i 1893 er det gjort funn av finaste tekstilarbeid som tyder på at det er folk frå storgardar som er gravlagde der. Ofte var det kremasjonsgraver som gjer at mykje av det som vart lagt ned i grava er øydelagt, men arkeologane meiner at det har vore fleire



Vikingtida var tema for den store utstillinga i Bankbygget på Bygland sist laurdag. Ingvild Solberg Andreassen frå Kulturhistorisk Museum viste vikinghjelm, men fortalte at horn i slike hjelmar, som ofte blir brukt i dag, er ikkje funne på hjelmar frå utgravingar.

gravleggjingar i haugen på Nese.

Frå prinsessegrava, som får ei større utstilling til våren neste år, er det henta fram skålforma spenne med dyreornamentikk og fine armband av bronse. Det vart også funne eit vak-

kert perlekjede med glasperler frå mange land, og ikkje minst imponerende vakkert vevarbeid ved føtene til prinsessa.

Kvinneaktivitet

-Tekstilarbeidet vitnar om kvinneaktivitet og status, sa professor emerita Siv Kristoffersen frå Universitetet i Stavanger under seminaret på Bygland laurdag.

Spinnehjula var som regel i kleberstein, men kunne også vere i bronse, ja, endåtil i gull. Sola, krafta, det livgjevande var ofte symbola i slikt utstyr. Ved vintersolkverv måtte ein ikkje bruke spinnehjula, for det kunne skape rot i det kosmiske systemet og føre til at sola forsvann, meinte dei gamle.

Frå kobbelet av fagpersonar under seminaret vart det også fortalt om

sterke ritual som gjer at Setesdal og Småland i Sverige framstår som like område for tradisjonar knytta til alt frå joledagsrei til Guri Rysse-rosa som var ein skummel skapnad i folketrua.

Setesdalsbunaden

Også symbolikken i Setesdalsbunaden vart tema under dei faglege foredrag på Bygland. Dr. philos Mikkel B. Tin fortalte at beltet rundt livet på stakken står høgare på bunaden her i dalen enn andre stader i landet. Beltet kring livet representerer skiljet mellom kultur over beltet og natur under.

Belteklutar med fruktbarhetsmotiv viser seg også å vere internasjonale då nesten maken til oppluten på Setesdalsbunaden er funnen i St. Petersburg i Russland. I Tjekkia finst

også noko tilsvarende, sa Mikkel B. Tin. Han meinte at det er når ein overvinn myten om at dette er skapt lokalt, at ein ser likskapen med det ein har i andre land.

-Her har vore ein raud tråd med lange perspektiv i tid og rom. Sol- og hestetdyrking kom til Europa i bronsealderen, og for å sette det på spissen kan ein godt seie at det store hestofferet som stammar frå India, også har tilknytning til Setesdal, sa Mikkel B. Tin.

Arrangementa på Bygland var også melde inn som norsk bidrag til dei europeiske kulturminnedagane i år som i fjor, og det var samsending med Bygland sin venskapskommune i Polen. Også skulane var involverte med besøk frå Kulturhistorisk Museum dagen før sjølve utstillinga i sentrum vart opna.



Annemor Sundbø demonstrerte spinnehjulet som stod så sentralt i fornminna som var tema på utstillinga frå vikingtid i Bygland.



Håkon Camaro Tørresen var vakt ved vikingbutikken med varer frå Kulturhistorisk Museum under utstillinga.



Utanfor Bankbygget var det rigga opp sandkasse der folk kunne leite etter fornminne-gjenstandar.